



29.oktober 2009

## PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** torsdag 29.10.09, kl 1015-1200, rom 372, HF-bygget, 3.etasje.

Til stades:	Leiar	Endre Brunstad
	LLE	Torodd Kinn
	IF	Anne-Brit Fenner
	Studentrepresentant, IL	Elin Stengrundet
	Programstyret	Nina Corinne Handing (observatør)
	Frå administrasjonen:	Erna Synnøve Kjensjord (sekretær)
Meldt fråfall:	AHKR	Sven-Erik Grieg-Smith

### I **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Saklista vart noe justert. O-sak 1 Dialogmøte for kull 07 og 08 (IL) vart omgjort til vedtakssak 09/10, og o-sak 3 om oppretting av FRANDI201 vart gjennomgått som første sak i møtet.

### II **Godkjenning av protokoll frå møte 30.09.2009.**

### III **Orienteringssaker**

#### 1. **Oppretting av FRANDI201 og samansetning av fransk 200-nivå på IL**

Turid Trebbi orienterte om samansetninga på 200-nivå, og korleis ein har sett føre seg ei integrering av didaktikkemnet FRANDI201 og eit redusert emne i litteratur (10 sp), ved at dei to eksamensformene på eit eller anna vis vert kopla til kvarandre. Saka heng saman med sak 09/08 Krav om bacheloroppgåve i integrert lektorutdanning, og med prinsippet om at studentane skal kunne gå over til eit bachelorprogram med ei gyldig spesialisering.

Det vart føreslått å opprette eit eige emne på 15 studiepoeng, der emnet FRANDI201 er slått saman med det reduserte emnet i litteratur. Sidan franskmiljøet ønskjer valfridom når det gjeld kva for emne studentane skal redusere, vil det derimot vere naudsynt å behalde FRANDI201 for dei studentane som ønskjer å redusere språkemnet og skrive bacheloroppgåve i litteraturemnet. Kjensjord skal undersøkje mogleheitene for å velje denne løysinga.

#### 2. **Emneskildring for TYS124 – eksamensform**

### **3. Spesifisering av permisjonsreglar for integrert lektorutdanning**

Kjensjord orienterte om at integrerte masterprogram i dag fell inn under reglementet for bachelorprogram når det gjeld til dømes permisjonsspørsmål. Det må fattast eit vedtak i PUHF om at regelverket for masterstudiar ved HF også skal gjelde studentar på integrert lektorutdanning, når dei har byrja på masternivået av utdanninga.

### **4. "Overgang" frå integrert lektorutdanning (masternivået) til ordinært masterprogram**

Kjensjord orienterte om at ein student har slutta på integrert lektorutdanning og søkt opptak til det ordinære masterprogrammet i nordisk språk og litteratur. Fagmiljøet vil avgjere om studenten er kvalifisert for opptak, og i denne samanheng er det viktig å peike ut kva for emne som vil inngå i bachelorgraden og spesialiseringa til vedkomande. Fagmiljøet vurderar dette, og fakultetet gjennomfører sjølv opptaket.

### **5. Høyringssvar frå HF om organisering av lærarutdanninga**

Utvalet merka seg svaret som HF har sendt til Utdanningsavdelinga.

### **6. Student som ønskjer å reise på utveksling i fjerde semester.**

**7. Økonomi for PUHF.** LLE har vorte tildelt kr. 35 000 som skal reknast som driftsbudsjett for PUHF.

### **8. Synleggjering av didaktikkdelen av 200-nivået på gammal modell.**

Det bør leggjast inn ei setning i vitnemålet om at der er 5 studiepoeng integrert i det eine 200-emnet på gammal ordning.

### **9. Undervisningsverkstad (for språkfaga på eittårig PPU).**

Litt problem med tilgang til undervisningslokale på kveldstid. For neste semester skal Sydneshaugen skole brukast. For framtida bør ein vurdere eit liknande tiltak for studentar på integrert lektorutdanning.

### **10. Nasjonalt seminar for integrert lektorutdanning skal arrangerast i**

Bergen 20.-21.april.

### **11. Lærarutdanningskonferanse på Voss 9. – 10.mars.**

## **IV**

### **Saker**

#### **S09/08**

### **Krav om bacheloroppgåve i integrert lektorutdanning**

Saka heng saman med diskusjonen om korleis fransk skal sette saman sitt 200-nivå, og det var semje i utvalet om at det bør vere krav om ei bacheloroppgåve på 15 studiepoeng på programmet. Utvalet vil i neste møte ta opp ei sak om oppretting av bachelorgrad for dei på lektorutdanninga som ikkje går vidare til masternivået.

**Vedtak:**

Programutvalet for lærerutdanning ved HF (PUHF) går inn for at det skal innførast eit krav om bacheloroppgåve på 15 studiepoeng på 200-nivået (6.semester) av integrert lektorutdanning. Dei fleste faga har allereie sikra ei slik oppgåve gjennom emnesamansetninga, men utvalet ser det som ein fordel å innføre kravet i studieplanen for programmet, under punktet "Obligatoriske emne og spesialisering".

**S09/09****Uttekslingsavtaler på integrert lektorutdanning**

Det finnst allereie eksisterande avtaler når det gjeld engelsk og fransk, og på nordisk har ein tradisjon for å nytte nettverket NORDLIKS. På nordisk har ein likevel ikkje gått inn for å finne stader med eit fagdidaktisk tilbod, ein har sett føre seg at studentane skal ta eksamen i didaktikkemnet her ved UiB dersom dei ikkje finn aktuelle didaktikkemne ved studiestaden.

**Vedtak:**

Programutvalet for lærerutdanning ved HF (PUHF) vil be dei aktuelle fagmiljøa om ei tilbakemelding om kvar det kan finnst fagdidaktiske tilbod som kan inngå som del av eit utvekslingsopphald i sjettemester.

**S09/10****Dialogmøte for kull 07 og 08 (IL)**

Utvalet diskuterte kort dato og program for møtet, kven som skal delta og kva ein skal bestille av mat. Det er ønskeleg å høyre studentane sine synspunkt på kva som gjer at studentar sluttar, men òg kva som gjer at dei som fortsetter, gjer det.

Alle medlemene i programutvalet som var til stades på møtet 29.10, kjem til å delta.

**Vedtak:**

Det vert arrangert eit dialogmøte tysdag 17.november kl.14.15-16.00.

**V****EVENTUELT**

Det vart meldt inn seks ekstra o-saker i møtet.

Nytt frå programstyret:

Nina Corinne Handing orienterte om at Utdanningsutvalet har anbefalt tildeling av PEK-midler til lærerutdanninga i samband med fråfallsproblematikken. Når det gjeld praksisbesøk, har programstyret anbefalt faktor 5 per besøk og at tal på besøk ikkje skal overstige 14.

Endre Brunstad

Erna Synnøve  
Kjensjord

